



Type møte: Etne kyrkjelege fellesråd	Oppmøte: Møterom Etne kyrkjekontor
Dato: Tirsdag 11.mars 2025 kl.16.00	

Frammøtte:

Gerd Ingunn Opdal	Leiar
Reidar Leknes	nestleiar
Kjell Ingvald Matre	repr. Etne
Kari Johanson	1.vararepresentant Skånevik
Kari Vik Stuhaug	Geistleg representant

Forfall:

Kenneth Karlsen	Kommunal representant
Ole Vidar Melkeraaen	repr. Skånevik

SAKER:

Sak 7/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak

Innkallinga og saklista vert godkjend

Sak 8/25 Oppfølging av referat frå 22.januar 2025

Vedtak

Fellesrådet tek referatet til følgje.

Sak 9/25 Rekneskap 2024

Saka om disponering av mindreforbruk måtte gjerast før rekneskapsavslutning, så arbeidsutvalet har handsama saka:

Sak 6/25 Rekneskap 2024

Rekneskapet 2024 går ut med eit mindreforbruk på kr. 855.075,91

Vedtak i Arbeidsutvalet

Mindreforbruk for 2024 skal nyttast slik:

- 1. Inndekking av underskot på drift frå 2022 på kr. 228.214,3*
- 2. Inndekking av underskot på drift frå 2023 på kr. 57.071,77*
- 3. Inndekking av underskot på investering frå 2022 på kr. 132.590,93*
- 4. Inndekking av underskot på investering frå 2023 på kr. 78.022,29*
- 5. Resterande mindreforbruk, kr.359.176,62 skal setjast på disposisjonsfond.*

Vedtak

Fellesrådet tek arbeidsutvalet si disponering av mindreforbruket til følgje. Rekneskapen vert godkjend med atterhald om godkjenning av revisor.

Sak 10/25 Årsrapport fellesrådet

Sjå vedlagt forslag til årsrapport.



Vedtak

Årsrapporten blei godkjend med mindre endringar

Sak 11/25 Høyring – retningslinjer for tilskotsforvaltning i Den norske kyrkja

Høyringsfrist er 15.mars.

Vedlagt er dei konkrete retningslinjene som høyringsinstansane vert invitert til å gje tilbakemelding på

Dersom nokon ynskjer å lesa heile høyringsnotatet kan ein gå inn på følgjande nett-adresse:

<https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/hoeringer-fra-kirkeradet/retningslinjer-for-tilskuddsforvaltning-i-den-norske-kirke/>

Vedtak

Merknad punkt 8, A1:

Det er viktig å sikra at registrering og rapportering i «kyrkja vår» blir koordinert med øvrig rapporteringsplikt som fellesråd og sokneråd har.

Merknad punkt 16, A5

Møtepunkt mellom bispedømmeråd og fellesråd må skje på ein mest mogeleg rasjonell/ressurseffektiv måte.

Merknad til punkt 26, C1

Fellesrådet er ueinig i forslaget.

Fellesrådet er svært uroa for at små/mindre fellesråd, der ein gjerne har deltidstillingar, og der ein ikkje får personar i stillingar som har formell kvalifikasjon og er vigsla, kan bli nedprioritert og få mindre tilskot enn i dag. Små og mindre fellesråd er særleg avhengige av tilskot for å ivareta for eksempel trusopplæringsarbeidet.

Sak 12/25 Orienteringssaker

a. Referat frå sokneråda

- I. Etne sokneråd 4.mars
- II. Skånevik sokneråd 20.febr.

b. Organisasjonsutvikling – Gerd Ingunn orienterer om arbeidet.

c. Tilskot frå kyrkjebevaringsfondet

- I. Til Stødle kyrkje 420.000 i tilskot til særskilt forprosjekt
- II. Til Grindheim kyrkje 340.000 i tilskot til overordna forprosjekt.

Kyrkjeverja skal senda ut konkurransegrunnlag til 3 aktuelle tilbydarar måndag 17.mars. Tilbudsopning er avtalt 8.april.

Kyrjekontoret i Etne, den 27.02.2025

Gerd Ingunn Opdal

Leiar

Aud Jorunn Baustad

Kyrkjeverje